



# Årsmelding 2015

## Bø Turlag

### Styret 2015

Arne Hjeltnes (leiar)  
 Ingrid Askildt (kasserar)  
 Margit Ryen Steen  
 Tor Lønnestad (skrivar)  
 Elisabeth M. Mæland

**Revisor:** Jan Lepperød

### Varamedlemmer:

Ingrid Bergane  
 Thorvald Amundsen  
 Ingunn Espeseth Vreim  
 Wenche Kristine Rulnes Røstad

### Nemnder, representantar i andre lag og valkomité 2015

#### Turstinemnd:

Inge Bø, leiar og turområdeansvarleg  
 Thorvald Amundsen

#### Turknappnemnd:

Tor Sisjord  
 Arne Baugerud  
 Arne Myhre  
 Halvor Gåra  
 Dag Einar Hvitsand

#### Turlagets representantar i Bø Løypelag:

Per M. Holtung og Einar Fagerås

#### Valkomité:

Turid L. Gåra  
 Arne Slagsvold  
 Per Johan Nordvik

### Styreaktivitet og medlemstal

Årsmøtet i 2015 blei halde på Sandvin tysdag 24. februar. Styret har hatt fem møte i 2015: 3/1, 4/3, 17/8, 7/9 og 23/11.

Laget hadde 318 medlemmer i 2015 (opp frå 297 i 2014), av desse 32 born.

## Turprogrammet 2015

### Familedag på Jønnbu – søndag 1. februar

Ansvarlege: Ingvil Olsen Djuvik, Beate Vik Edvardsen og Brita Rønning Iversen. Kuling på fjellet, likevel tok 50 små og store sprekingar og mange hundar turen. Pølser, kakao og marshmallows rundt bålet. I bakken var det full fart med kuleløype, hopp og slalåm.

### Lifjell på langs – søndag 22. mars

Ansvarleg Gunleiv Brukås. 35 deltakarar, 34 på ski og ein på sykkel. Greit føre og ver.

### Dyrud Damtjønn – tysdag 14. april – avlyst

I samarbeid med Midt-telemark Seniorlæring. Avlyst grunna at det låg snø i terrenget.

### Fugletur Evju – laurdag 9. mai

Ansvarleg Øyvind Steifetten. Det var ca. 10 deltakarar. Småkaldt på morgonen, men det vart ein vellykka tur.

### Geocaching langs Bøelva – søndag 10. mai

I samarbeid med Barnas Turlag. Ansvarleg Astrid Brockhus. 17 deltakarar. Avslutning med nistekos i «leiren» ved Hellos.

### Folkestadåsane – tysdag 12. mai

Turleiar Ingrid Askilt. 9 deltakarar i alderen 10 – 85+. Turen gjekk frå Hegnun til Spissbordet, med fin rast på Åskollen med flott utsikt.

### Kanotur/beversafari på Bøelva – tysdag 19. mai

I samarbeid med Barnas Turlag. Turleiar Sindre Flø. 17 deltakarar, av desse 9 born.

### Manheimstrondi – tysdag 26. mai

Turleiarar Tor Lønnestad og Harald Flaten. 12 deltakarar. Flaten la ut om historia til grenda medan vi gjekk frå nedre Strand, forbi øvre Strand, og opp til dei tre Rugtveitgardane. Så på sti vidare opp til Stigfjellvegen, og ned forbi Manheim. Kaffe ved "Kikkeskåpet" mellom Manheim og Strand. Sol, varmt og godt i starten, småsurt seinare.

### Jønneberg frå Uvdalstjønna – søndag 31. mai

Turleiarar Margit og Bjørn Steen. 11 deltakarar. Gjekk frå Sommarligrav til Langedal, så forbi Oredalen med avstikkar til Stegalia og orientering fleire stader. Matpause ved Jønnebergtjønn. Overrasking på tunet på Jønneberg: Invitert inn i hovudhuset som er under oppussing. Ned att om Barlinddalen til Dagstjønndalen og vidare langs kraftlina. Flott ver.

### Falkefjell – søndag 7. juni

Turleiar Thorvald Amundsen. 14 deltakarar. Planen var å gå frå Jønnbu men mykje vatn i Oksladalen stoppa det. I staden gjekk turen frå Liheia til Nybu og ned att Valgjuvet.

### Korpenut – tysdag 9. juni

Turleiar Ingunn Espesett Vreim. 19 deltakarar i finveret. Inspeksjon av gamal hestereiskap som låg att frå skogsdrifter.

**Narefjell – tysdag 16. juni**

I samarbeid med Gvarv Turlag. 29 deltakarar. Flott tur i finver. Snaut halvparten av deltakarane var frå Bø. Bruka ca 1t 20 min opp, under timen ned. Fantastisk utsikt.

**Røysdalsnuten – søndag 23. august**

Turleiar Halvor R. Gåra. 15 deltakarar. Samarbeid med Skien Turlag. Frå parkeringa ved Grimås til Vesle Tjorbu, rast like ovanfor hytta til Seljord jakt og fisk. Grei men bratt rute opp sørsida til toppen. Vidare langs ryggen til Grimaren og så ned til parkeringa. Sol, varmt og litt vind. Flott utsikt til store delar av Lifjell og fjella rundt. Ein perfekt augustdag i fjellet!

**Sopptur – tysdag 1. september**

Turleiar Bjørn Steen. 12 deltakarar. Fin tur men lite sopp!

**Bømarsjen i Breisås – søndag 6. september**

Start ved studentheimane. Lang løype via Håsårudhåttan, austover framom Liagruva og opp til Åstjønn med felles matstasjon. Så til Store Damtjønn, Holmtjønn og nesten strake vegen ned att. Kort løype direkte til Åstjønn og ned att. 65 deltakarar på lang løype, 32 på kort. Fint turver.

**Andersli frå Røysland – tysdag 8. september**

Turleiarar Tor Lønnestad og Olav Halstengård. 6 deltakarar. Flott haustvêr, litt vått i marka. Start frå Røysland, liten stopp på toppen av Gammelstulfjellet før me fortsette til Andersli. Ned att Bjønndalen, nesten mørkt før me var tilbake ved bilane ved 21-tida.

**Astrinatten – søndag 20. september**

Turleiar Halvor R. Gåra. 11 deltakarar. Gjekk frå Veslestaul innafor Manheim. God rast på toppen i strålende sol, fin utsikt. Gjekk ryggen austover og svinga inn på løypa frå Hønsavatna til Flatastaul. Våt sti forbi Kvigedalen og Svanadalen. Tok av frå stien før Flatastaul og orienterte vestover langs myrane til me fann tømmervegen ned til Veslestaul.

**Trilleturar**

Det har vore trilleturar mest kvar tysdag gjennom året. Synnøve Dale organiserte turane i vårhalvåret, så tok Maylen Bakken Mæland over på hausten.

**Formiddagsturar**

I regi av Bø Turlag har det kvar onsdag kl. 11 vore tilbod om å gå tur saman med andre i vel ein time. Gruppa har starta frå Gullbring og gått ulike rundar, deretter kaffi og hyggeleg prat på kaféen i Gullbring. Det er plass til fleire deltakarar! Kontaktperson: Inger Sofie Kielland.

**Turstiar - arbeid utført i 2015****Jøronnatten – Røksbu – Nybufjellet**

Vanleg ettersyn av alle skilt og stiar. Skilta stod mykje betre då det er bytta til grovare skruvar. Merka og rydda stiane Nybustulen - Oksladalen, Røksbu - Langetjønn, Røksbu - Valjuvet og Lislestulvaet - Nybu. Store steinar er lagt ut for å kome lettare over Holmendammen. På stien Røksbu - Langetjønn er det to vanskelege myr-sumpar ein må over. Har lagt ut steinar og trestammer men det skulle nok vore treplankar her. Skiltet på Falkefjell er stramma opp.

### **Økternstien**

Ryddda og nymmerka over Økteren. Nedrasa vardar/steinsettingar er sett opp på nytt. Skiltstolpar er retta opp.

### **Lifjellprosjektet**

Stiane vart ferdige med merking og skilting. Skilt for skiløypene frå Jønnbu er sett opp, dessutan 3 informasjonsplakater i A4 format på tavla på Jønnbu om Bø Turlag, Lifjell Løypelag og Bø Fiskelag. I tillegg er ein plakat med bilde over «bestemorsløyfa» sett opp.

### **Gyrestolen**

Fjerning av kvist som hadde falt over stien. Stien er grei men litt våt nokre plassar.

### **Breisås**

Generell rydding i nedre Breisås. Enkelte stiar er veldig søylete pga. sykling i vått ver. Ein del trefall i Petterskås, på traktorvegen, i Midlingløypa og Bordvegen er rydda. Infotavla i Bordvegen er beisa, graset er slått i Bordvegen. Laga bru nederst i Espefeltområdet i Midlingløypa.

### **Håsårudhåttan Kulturminneområde**

Rydding og arbeide etter trefall. Ei bru er reparert i stien i Bordvegen. Infotavle er beisa. Diverre ein del hærverk på skilt og infoplakater. Håsårudhåttan brosjyre vart laga i samarbeid med Reisemål Bø, var ferdig i juni og fordelt til skulane i bygda og til Reisemål Bø. Finansiert med tilskot frå Bø Kommune og Gro og Arne Grivis legat.

### **Høyslass-Bruskor**

Ei myr er grøfta og to nye stigar er etablert for å unngå våte parti og glatte berg.

### **Bryggefjell**

Ryddda fleire store tre på stigen til Ding-Dong Kyrkja. Fleire i arbeid med omlegging av del av løypa. Den nye stien til Bryggefjell er blåmerka og skilta. Løypa er god, men stadig hogst/køyring frå Breskelia gjer tilhøva vanskelege.

### **Bøelva**

Noko trefelling, rydding etter flaumen, beisa tavle, støtta opp skilt, vanleg rydding. Har slått ved husmannsplassane.

### **Juvsåbrua-Prosjekt**

Diverse arbeid er gjort som ein start på dette store prosjektet.

### **Bøelva sør – Folkestien mellom Gårabru og Folkestadbrua**

Har utført rydding og trefelling, og det er rydda på nordsida med kantslår. Har sett opp att ei klopp som flaumen tok, og utbeta stien sør for Folkestadbrua der våt masse sklei inn over plankane som låg der. Fleire nye skilt er sett opp, og det er montert på piler og turlagsmerke.

### **Årmodalen**

Litt rydding i løypa til Bukkelifjellet, og sett opp nytt skilt i Tyristul. Det er lagt nye treganger på blaute punkt på myr mellom Gamlestulfjellet og Andresli. Bruken av dette området har tatt seg markant opp.

## Grønne gangar

Rydding av trefall nord for tuftene i Høgefosskåsa, elles vanleg rydding av ein del kvist.

## Ølsbru-Vermelia- Lauvtjønn

Her var alt bra.

## Folkestadåsane

Somme plassar er det litt sporut etter syklistar. Reparert infotavla på Mogane.

## Samarbeid med andre turlag

Har godt samarbeid med Gvarv Turlag, Notodden Turlag og Seljord Turlag der stiar kryssar over i nabokommune.

*Ein stor takk for alt arbeide som er utført i turstiane våre i 2015!  
Talet på dugnadstimar i 2015 er estimert til ca 500.*

## Andre aktivitetar i 2015

- **Lifjellprosjektet** Dette store prosjektet vart avslutta i 2015, både når det gjeld det praktiske arbeidet, og når det gjeld det økonomiske. Prosjektet har gått i balanse med dei tilskot vi har fått.
- **Høyringar/planar** Bø Turlag sendte i februar sine synspunkt på utbygginga av Oterholt Kraftverk. Vi gjekk der imot det største alternativet, som vi meiner har store negative konsekvensar. I mars sendte vi inn fråsegn til arealdelen av kommuneplanen. Her hadde vi merknader til korleis utbyggingsplanar vil ha innverknad på friluftslivet.
- **Marknadsdag** Bø Turlag deltok med «stand» på marknadsdagen på Bø Torg 3. mai.
- **Juvsåbrua** Det nye store prosjektet som starta opp i 2015 er å få på plass ny Juvsåbru. Den gamle brua er i dårleg forfatning og må snart rivast eller fornyast. Ny bru blir planlagt bygd i gamal stil, tilpassa kulturstien og alle kulturminna i nærområdet. Den nye solide brua vil bera snøskuter og tung snø. Prosjektet har eit budsjett på over 500.000 og er fullfinansiert gjennom støtte frå Gjensidigestiftelsen og Statens Vegvesen. Det meste av arbeidet vert utført av entreprenør, men òg noko dugnadsarbeid, dette er alt i gang.

## Turknappen 2015

For 2015 er det levert inn 41 skjema til turknappen. Av dei er det:

- 14 stk 1 år Bronseknapp
- 3 stk 5 år Sølvknapp
- 2 stk 10 år Gullknapp
- 2 stk 20 år Plakett

Det har vore fantastisk mange som har alle postane i år, heile 12 stk. Av dei er det ein som har alle postane 2 gonger!

## **Turlaget på internett**

På turlaget sine heimesider [www.boturlag.net](http://www.boturlag.net) finn ein kart og omtale av turområda samt informasjon om og annonsering av turane. Vi erfarer at heimesida blir stadig meir brukt. Dessutan nyttar turlaget Facebook stadig meir til å annonsere turar som kjem, og fortelje om turar vi har hatt.

## **Lagets økonomi**

Rekneskap for 2015 kjem som eiga sak, men styret meiner at Bø Turlag har god økonomi.

## **Konklusjon**

2015 har vore nok eit aktivt og godt år for Bø Turlag, der det som sto på planane i det store og heile har blitt gjennomført med god oppslutning.

## **Arbeidsplan 2016**

### **Maskat**

Gvarv Turlag ynskjer at Bø Turlag merker og ryddar ein tursti frå Nedre Rennebjønn ved grensa Bø/Sauherad som kan kople seg til stien frå Maskat til Roheim. Dette kan føre til nye rundløyper både for Bø og Gvarv Turlag. Dette prosjektet vert gjennomført med ei dugnadsgruppe i 2016 med Bjørn Steen i spissen i samarbeid med Heia Grendelag og grunneigarar.

### **Juvsåbrua**

Som omtala i årsmeldinga, er dette det store nye prosjektet. Det er lagt opp til at arbeidet vert utført sommaren 2016.

Bø, 18. februar 2016

Styret i Bø Turlag